



Stemming frå Neset - foto frå skjermen i Auto 88 (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mens du ventar på dekkskift eller anna i Auto 88 vil du heretter ikkje ha noko problem med å få tida til å gå.


Eit nytt og sterkt lokalretta informasjonstilbod er monterrt i dei tidlegare kioskløkala med ein liten skjerm inne og ein stor på 46 tommer som ein kan sjå på utanfrå. Det skjer best når det er mørkt.



Hugsar du då Arnardo var med og feira 17. mai? Foto frå skjermen i Auto 88 (Foto: Ola Matti mathisen)

Det er svigersonen til innehavar Lars Myklebust - Keneth Titlestad - som har stått for den tekniske delen av prosjektet. Kva består så det rullande tilbodet av?

Lars lovar meir stoff, men det er allereie lagt inn mykje, ikkje minst fine naturbilete frå Uskedalsområdet teke av lokale fotografar og også henta frå uskedalen.no. Nederst på skjermen kan ein forresten lesa 'rullande nyhende' frå nettavisa som du no les.



Nåso-toppen på skjermen i Auto 88. Ein videosnutt viser ruta dit.

Det er vidare lagt inn videosnuttar basert på Google som visar rutene til Mannsvatnet og Nåsotoppene og den siste er sogar gått opp med GPS. Som naturleg er får ein også ein god del bilstoff som ikkje minst inneheld gode råd.

Ein hovudhensikt med dette prosjektet r å auka interessa for Uskedalen og det er i høgste grad eigna til det. Det gjeld berre å oppdatere tilbodet slik at det er aktuelt til einkvar tid.

Av Ola Matti Mathisen



